

Halling- lom



Lagblad for Hallinglaget - i Oslo -
- N.R. 2/17 -

INNHOLD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Kulturnatta i BLS	side	5
Minikurs i hallingspringar	side	5
Øyvind Brabant	side	6
Ål Spel- og dansarlag	side	7
Hallinglagsnytt	side	8
Stort Helgekurs med Ulf-Arne	side	10
Program for hausten	side	11
Vår og sumar på Hallingbu	side	12
Side med bilete	side	14
Lagsinformasjon	side	15
Infoside om Hallinglaget	side	16
Folkedanskveldar	side	17
Styret i Hallinglaget	side	18

Fyriord

Velkommen til ein ny haust i Hallinglaget !

Dansehausten har starta opp og dei som har dansa ei stund kjem; takk og pris for det! Oftast er alle på golvet, me dansar og koser oss til særskilt godt dansespel og har det moro. Hallinglaget er kjent for at ein bytter dansepartnere ofte, slik at alle får danse, så dei fleste kjem aleine til øvingane. Når «mange» kjem (meir enn 8 par på golvet) er det ekstra moro. Ikkje vær redd for å kome ein gong i blant, for det er ein særskilt uformell og triveleg dansegjeng som samlast annankvar onsdag. Det også lov til å berre kome og høyre på det fine dansespelet og vere med på den trivelege pauza med kake og kaffi/te.

Rekrutteringa er viktig for heile BLS (Bygdelagssamskipnaden) og alle laga (18 lag i BLS), så alle arbeider med å få med fleire folk. Alle som er med i danserørsla i hovudstaden synes det er svært viktig at folkedansen og gamaldansen i Nordahl Bruns gate 22 overlever. Det er sosialt, god trim, sunt og morosamt, utan alko-press og ein særskilt rimeleg aktivitet for folk i alle aldrar.

For å få med fleire nye, blir BLS også med på **KULTURNATT I OSLO i år, fredag 15. september.** Denne fredagen blir det full fart i Nordahl Bruns gate 22 fra kl. 19.00 og utover til midnatt. Det er også eit fint arrangement for born fra kl. 17.00 til 19.00, for det er eit aktivt Barnelag i BLS. Denne kvelden blir det **gratis inngang** for alle som kjem, med særskilt god bygdedans og gamaldans i tre salar! Her kan alle som vil, få prøve seg på å danse, eller berre høyre og sjå på! Om noko fell i smak kan ein melde seg på diverse dansekurs denne hausten og slik bli med i dansemiljøet i hovudstaden. Dette dansemiljøet har eksistert i snart 100 år, det er unikt og bevaringsverdig! Faktisk er det få stader i landet som det blir dansa så mykje! Hovudstaden har utruleg mange gode spelemenn, som er lette og be, og som gjerne vil spele til dans. Spesielt når det kjem ein del folk, då er dette noko av det morosamaste ein kan vere med på. Vel møtt til alle som vil være med på dette.

Elles satsar Hallinglaget også i år på dansekurs, sjå program på midtsida. Det er **minikurs** i hallingspringar med **Knut Skrindo** sundag 17. september og eit **stort helgekurs** i hallingspringar helga 4. – 5. november med **Ulf-Arne Johannessen**. Styret håper at mange vil delta her; så meld dykk på.

Alle hallingar i Oslo med interesse for kultur, gjerne hallingkultur, må vere klar over at Nordahl Bruns gate 22 er eit unikt bygg som laga i BLS eig sjølve og kan leige til ein rimeleg penge. Hallinglaget leiger salar til om lag 10% prosent av «full pris på byen». Difor kan me halde på med liten aktivitet, men tenk så moro det hadde vore om me hadde vore fleire. Denne garden midt i sentrum, er sikkert verdt 100 millionar og vart redda og pussa opp gratis av Olav Thon for fem-seks år sidan. Han hjelpte oss slik at me også i dag eig huset vårt 100%. Merk dykk også at det er mogeleg å få hjelp til å starte opp nye lag og aktivitetar i dette kulturhuset midt i byen.

Hallinglaget driv på så godt som det kan med dei ressursane laget har. Det er fint om fleire melder seg inn som medlemer og melder seg til hjelp med styre og stell. Det er kjempefint om fleire blir med! **Bli med å dans i haust ...**

Leve Hallinglaget og Nordahl Bruns gate 22!
*Beste helsingar frå Terje Grangård,
Leiar i Hallinglaget*

KULTURNATTA 15. september 2017
BLS og Hallinglaget i Oslo er også med:

OPPLEV FOLKELIG DANS OG MUSIKK



BYGDELAGSSAMSKIPNADEN www.bls.no

Nordahl Bruns gate 22

17.00 - 24.00 – GRATIS ADGANG !

Buss 37 til Nordahl Bruns gate eller trikk 11, 17, 18 til Holbergs plass.

Bygdelagssamskipnaden gir deg folkeleg song, dans og musikk for alle i tre salar.

17.00, 18.00 : Halling i Halli. For barn 5 – 15 år. God instruktør, godt dansespel.

19.00, 20.00, 21.00, 22.00 : Halli: Folkedans for alle. Litt instruksjon

19.00, 20.00, 21.00, 22.00 : **Blåsalen** (*): **Springar** og gangar for alle. Litt instruksjon.

20.00 : Gammeldans til toradermusikk. Toradergruppa i Symra.

20.00 : Konsert med Bygdelagskoret Blåne

**19.00 - 24.00 : Dansefest for alle med Østerdølenes Spellmannslag og
Tonje og Stein Magne. Åpen kafe heile kvelden.**

(*) **Blåsalen**: Desse gode spelemennene spelar kvar time frå 19.00 – 23.00 i Blåsalen:

Kenneth de Gala: numedal- og telespel, **Andris Hemsing**: valdresspel og

Herbjørn Liahagen: hallingspel.

MINIKURS i HALLINGSPRINGAR

Sundag 17. september i Halli kl. 18.00

Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved **Knut Skrindo**, A-klasse dansar frå Oslo med røter frå Ål.
Her vil det ein fin mogelegenhet til å friske opp/prøve seg på hallingspringaren!

Inngangspengar: 130 kroner (80 kroner for studentar) som gjeld for heile kvelden.



Bilete er teken fra Facebook sida til Øyvind Brabant.

EIN TAKK TIL SPELEMANNEN ØYVIND BRABANT !

"Det er grunn til å takke Øyvind Brabant for den særlege innsatsen han gjer både for folkemusikken- og dansen i Hallingdal. Han held opp ein krevjande spelemannsarb med slåttar frå heile dalen. Han instruerer og inspirerer spelemenn på alle alderssteg. Han spelar til dans for dei som ber om det, inkludert dei som skal tevla i kappdans på alvor.

No sist under Landskappleiken på Røros: Så tett som det er i toppen i klassa for Lagdans, hadde ikkje Ål spel- og dansarlag stukke av med sigeren utan ein spelemann som kan "lyfte" dansarane til dåd.

Springaren «Fuggel'n» vart framført så godt – med så stø takt og rytme – at det var leikande lett (og moro!) å sleppe seg laus. Her er noko av musikkens gåte: Trass i sterkt fysisk utfaldning blant dansarane, var det uråd å bli andpusten! Me kunne ha teke ein omgang til med det same!

«Ålingane» (som for høvet òg var hallingar frå Flå til Geilo og Røros) og våre vener frå Gol, som også kom høgt opp, kan ikkje få fullrost det spelet me fekk oppleva denne dagen.

Kort sagt: Øyvind Brabant er ei drivfjør for spel og dans i Hallingdal. Han alar fram og hjelper i veg nye talent på hardingfele, og han har teke over Jens A. Myro si rolle som den perfekte og pålitelege dansespelemannen. Denne langvarige innsatsen - år etter år, tiår etter tiår, vinter som sumar - fortener kanskje ei påskjøning frå regionen Hallingdal?



Saksa frå Facebook-sida til «Ål spel- og dansarlag»:

Ål spel- og dansarlag vann den gjeve lagdansklassa på landskappleiken på Røros i år!
Gratulerer Ulf-Arne Johannessen, Ingunn Stræte Lie, Jon Martin Uhlen, Solfrid Nestegard Gjeldokk, Torstein Gjeldokk, Nora Thorsrud, Agnes Kirkebøen, Thomas Stensgård, Sigrunn Høgetveit Berg, Maria Høgetveit Berg, Hallgrim Berg, Terje Grangård, Liv Berit Luksengård, Svein Inge Øen, Aud Berit Johannessen og Anders Aasberg som dansa til stødig framføring av "Fuggeln" etter Olav Sataslåtten med Øyvind Brabant!

Kommentar frå Terje: Det var skikkeleg moro å vere med, Øyvind Brabant spelte så bra og ringen gjekk av seg sjølv ... – eg følte at lagdansen var over på eit blunk!

Bildet var takk rett etter at me var ferdige av dei profesjonelle fotografane som ventar ...

Siste: Øyvind kjem til Riksscena i oktober for å spele til dans og han er også CD-aktuell! Hallinglaget håper han kan koma til Hallinglaget på nyåret for å setja fart i uss. Følg med!

Hallinglagsnytt

1. Spelemannen Bernt Balchen Junior døydde frå oss 24. mai etter kort tids sjukdom.



Frå Knut Utler Foto.

Eg skreiv i en e-post til alle på Hallinglaget si e-postliste i mai: *Ei trist nyhende til slutt: «Hallinglaget sin ven og gode spelemann Bernt Balchen døydde sist onsdag, og gravferda hans er frå Holmenkollen Kapell, torsdag 8. juni kl. 13.* Bernt var den “fyrste byguten” som lærde seg å spele hardingfele, og han leia Huldraleiken Hardingfelelag i alle år. Kvar tysdag i mange år øvde spelemenn heime hos han i Holmenkollen. Så han har betydd mykje, og Bernt hadde eit skjeldent bra program i Hallinglaget for nokre år sidan. Han hadde ei fabelaktiv evne til å få fram skilnadene i rytmene i dei ulike springarane, halling-, valdres- og telespringar. Hallinglaget lyser fred over hans minne og håper at nokon kan møte opp frå laget i gravferda.»

Bernt var kjent for sin kamp for det reine og ekte felespelet og han arbeidde for det i alle år. Mange var dei spelemann som har besøkt han kvar tysdag, nokon i over 30-40 år. Til døme våre eigen Atle Haugen som har blitt ein særstak stødig spelemann og som spelar godt i mange bygdelag. Bernt har betydd svært mykje for folkemusikken i hovudstaden. Bernt har også bygd over 50 hardingfeler, nokre særstak gode som er i bruk av dagens store spelemenn, til døme Torgeir Strand. Også hardingfela til Hallinglaget sjekka Bernt opp særstak rimeleg for ti år sidan. Bernt tok også mange gode bilete frå spelemannsmiljøet, frå tidleg på 50-talet og hadde eit eige meldingsblad «Tersen». *Me vil alle sakne ham og me vil minnes han med glede.*

2. Tidlegare leiar i Hallinglaget (1959-61), Ragna Øyno Jensen frå Ål, og mangeårig medlem i laget døydde frå oss 10. mai i år. Ho var medlem heilt til det siste, også det siste året. Det er på grunn av slike støttespelarar at Hallinglaget kan leve vidare år etter år.
Ragna var født i 1932 og vart 84 år gamal og ho var i mange år med i Oslo Byråd for Høgre.



Ragna Øyno Jensen sette fart i dåverande ordførar i Oslo, Per Ditlev-Simonsen (høgre-ordførar i Oslo frå 1995-2007), då Hallinglaget feira sitt store 100-års jubileum i 1999:

Laget fekk ein blome så stor at det var så vidt me fekk han inn i ein personbil og med ei helsing så god at den går inn i dei finaste minner for laget. Me skal freiste å få denne helsinga publisert i Hallingljom ein gong, i ein historisk artikkel.

Hallinglaget lyser fred over hennes minne og takker for det ho har gjort for laget.

3. Endeleg, siste månadene har me fått positive nyhende om **Oddmund Vestenfor**: han skal snart overførast frå Høyenhall i Hole til Sunnås Sjukehus for å trenast opp att til å gå! Dette er særskilt gledeleg etter sjokkmeldinga på Facebook for vel eitt år sidan, skriven av hans syster Solveig Vestenfor:

«Oppdatering om Oddmund Vestenfor: I midten av august vart han lagt inn på sjukehuset i Drammen med Guillain Barre syndrom. Han kan ikkje kommunisere om nokon tek kontakt. Heile kroppen, også ansiktsmusklane, er mellombels lamma. Om de har spørsmål, kan de kontakta ein av oss syskena: Torgeir Vestenfor, Reidun Jerpstads, Audun Vestenfor eller eg. Me kryssar fingrane for at tilstanden betrar seg så raskt som råd.»

Me var alle i sjokk og diverre har sjukdomen tatt veldig lang tid. Oddmund svevde i livsfare i over seks månader og fekk hjelpe med respirator enno lenger! Ingen har våre sjuk så lengje av denne sjukdomen og overlevd! Han overlevde tenker eg, takka vere fantastiske foreldre (som besøkte han kvar veke) og dei fantastiske søskena som er lista over ...

Eg veit at mange har bedd for han og alle har ynskt han det beste for at han skulle koma seg. No ser det ut til at våre bøner er høyrd, ingenting er morosamare enn å oppleve Oddmund i storform på dansegolvet med hallingspringar eller i ei oppglødd samtale om eit interessant tema.

Alle i Hallinglaget ynskjer Oddmund alt godt og me håper han er på beina att så snart som råd.

HELGEKURS I HALLINGSPRINGAR

4. - 5. november 2017, med Ulf-Arne Johannessen frå Ål



Laurdag: 4. november, kl. 12.00 - 16.00

Sundag: 5. november, kl. 12.00 - 16.00

Stad: Storsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Instruktør:

Ulf-Arne Johannessen, A-klasse dansar, og som er ein av dei beste danserane me har.

Gjestelærar sundagen:

Silje Risdal Liahagen, A-klasse dansar frå Ål. Ei av våre nye dansestjerner ...

Spelemenn:

Atle Haugen og Ola R. Imset, begge på hardingfele.

Mat: Det blir ei god matpause, der alle i Styret vil sørge for dugurdsmeden.

Pris: Kr. 450,- for kurset, som er rimeleg då både mat, kaffi og te er med i prisen!

Superpris for ungdom som vil danse: kr., 300,- (under 23 år).

Påmelding: så snart som råd, og helst innan 29. oktober for planlegging av mat og anna.

Kursinformasjon: *Dette blir eit kjempebra kurs, både for nye og for røynde dansarar – og det blir moro!*

Ulf-Arne Johannessen vart noregsmeister og kongepokalvinnar i Dans hardingfele kl. A, saman med Ingunn Straete Lie, på Geilo i 2009. Også i år på Røros var dei blant det tre finalistane som kjempe om Kongepokal! Elles klarte Ulf-Arne den bragden å vinne Laus klasse A på Røros. *Hallinglaget er svært glad for at Ulf-Arne vil halde dette kurset for oss i Oslo. Så møt opp, den ekstra lage prisen for unge er ein gest til ungdom frå Akershus og Østfold som har vore med i «bygda danser» dei siste 2-3 åra.*

På sundagen får han hjelp av **Silje Risdal Liahagen**, A-klasse dansar frå Ål. Silje vil syne jentedansen slik berre ho kan, ho er ei av jentene som kan svive slik at ho tek pusten frå ein, og ho kan forklare kva ho gjer! Drivande bra dansespel blir der også på kurset.

Alle som liker å danse er særstak velkomne.

NB! Her vil ein lære mykje springar og om dans generelt: både steg, takt, svikt og haldning! - - - og meir hallingspringar får ein ikkje dansa i haust ... så meld dykk på!
Epost til: grangard@online.no eller SMS til 48204652.

Hallinglaget i Oslo – Hausten 2017

Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.

Det er springardansing desse onsdagane:

- 30. aug. Springarøving kl. 19.00.
- 13. sep. Springarøving kl. 19.00.
- 27. sep. Springarøving kl. 19.00.
- 11. okt. Springarøving kl. 19.00.
- 25. okt. Springarøving kl. 19.00.
- 8. nov. Springarøving kl. 19.00.
- 22. nov. Springarøving kl. 19.00.
- 6. des. Juleavslutning m/ dans kl. 19.00 – 22.00

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Fredag 15. sept. Kl.19.30: Kulturnatt i Nordahl Bruns gate 22.

Dans og spel i alle salar, gratis inngang for alle! Sal av kaffi/te, pølser, vaffel og kaker.

Topp dansespel frå alle bygder,

Herbjørn Liahagen hallingspel, **Andris Hemming** valdresspel og
Kenneth de Gala telespel og numedalsspel.

Sundag 17. september: Minikurs i hallingspringar,

før Folkedanskvelden kl. 18.00. Instruksjon

ved **Knut Skrindo** i ein og ein halv time. **Møt opp!**

4. og 5. november: Stort helgekurs i Hallingspringar!

Laurdag og sundag, frå kl. 12.00 – 16.00 begge dagar.

Instruktørar: **Ulf-Arne Johannessen**, A-klasse dansar frå Ål.

Ulf-Arne får hjelp av **Silje Risdal Liahagen**, A-klasse dansar frå Ål!

Dansespel ved: **Ola R. Imset og Atle Haugen**.

Pris: kr 450,- for kurset, der eit måltid mat kvar dag er inkludert i prisen!

Møt opp! – dans deg glad og bli ein betre dansar!

(NB! Pris for studentar og ungdom under 23 år: 300 kr).

Sundag 12. november: Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskveld kl. 19.30.

Det er minikurs i Rørospols kl. 18.00, så her blir det mykje folk!

Helga 16-19. november: Helga då alt skjer!

Folkelarm og Oslo-kappleik på Riksscena

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.net

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (48 20 46 52), (grangard@online.no)

Berit G. Ellefsen (48 04 00 62), (beritsatelier@hotmail.no)

Else Mohn: (95 87 92 70), (helsemor@hotmail.com)

Vår og sumar på Hallingbu

Våren starta med at Michel ikkje uventa tok med seg sonen sin, Simon på overnattingstur te Hallingbu. Dei fekk besøk av ein kompis med ungar og det vart ein morosam tur både for liten og for stor. Forutan leik med ungane fekk dei vaksne au kløyva ved, reparera på inngangsdøra, og sopa hytta rein og fin, og ikkje minst sett over kva som kan vera nyttig å gjera framover og på dugnadsturen me hadde planlagd i juni.



Den glade dugnadsgjengen, frå venstre: Heidi, Gro Sissel, Terje, Else, Trond og Georgi.
Fotograf: Svein Aasen på dagsbesøk.

På dugnadsturen vart me seks personar; Terje, Heidi, Gro Sissel, Trond med Georgi og eg, slik at me vart ein riktig fin gjeng til dugnad!

Eg kom opp, berre eit par timer etter Terje og Heidi, då lukta det allereie grønsåpe i kvar ein krok, sjølv på doen hadde dei vaska over. Terje var i god gang med kapping av kantbord til olla som no endeleg skulle settast ordentleg i stand. Pappen vart spikra på, og her synte Georgi seg som ein dreven snikkar med hammaren, og det var ikkje få pappspikrar eg og han med tolmod hamra inn, og brønnhuset vart som nytt! (Sjå bilde neste side).

Seinare fekk me fjerna både små og større trær på tunet og nedover i skogen slik at meir av vatnet er synleg.

Maten vart grillta ute, og måltidet ete inne, og som alltid god og rikeleg med mat. Mette, slitne og nøgde gjekk med tidleg te sengs denne sumarnatta.

Dagen etter hadde me planar om å vitja valdrissen på Buvollen, men me let oss lede av været, og da det ikkje letta blei det heimover i staden.

Endeleg kom spikjikjøtturen, den årlege fine fellesturen til hytta. Den 7. juni tok Terje, Heidi, Trond, Svein, Elise, Ove, Geir og eg turen. Terje, Heidi og eg reiste opp tidleg og brukte heile dagen på hytta, me fyra opp hytta og hadde fine og rolege timer med vask og rydding før dei andre kom gåande gjennom skogen i regnværet. Maten og det trivelege samværet gleda alle som var med.

Sørlandslaget har og hytte i Lillomarka, ved Vennervann om lag ein times gange frå Hallingbu. Dei invitera tidlegare i år lagshyttene i marka te sosialt treff i juni, for betre kontakt med hyttenaboane. Eit veldig godt initiativ, og frå Hallinglaget tok Terje turen. Det vart eit særskilt fint møte på Sørlandshytta, med trivelege folk og gode samtalar og reker og godt drikke til alle.

Når me ser framover så er det eit arbeid å gjere med peisen som det ryk unødig mykje ta. I fyrste omgang må pipa og røyra feiast godt, så fer me håpe at det kan halde, elles må me tenkje andre løysingar. Terje har sendt inn skjema til Nedre Romerike brann- og redningsvesen, som etter planen vil feie pipa neste år; med bistand frå laget. Me får antakeleg påbod om å lage te stigtrinn til feiaren i metall. Omnen i midtrommet skulle vel også ha vore bytta ut, og me ser etter ein god rimeleg Jøkul 602, ein av Jøkuls sine beste omnar nokosinne.

Det store glaset i stua må kizzas og målast på nytt, og ha tid til tørk innimellom, så da må ein vera på hytta nokre dagar! Det er sjølvsagt også på tide å måle opp att tak og vegger i stue og hems, ikkje ein heilt enkel jobb da det er høgt under taket på Hallingbu, sjølv for Tronds nesten to metre er det i høgaste laget!, me får starte med å sjå på fargekart for å koma til likast mogeleg farga som no, eller kan hende noko lysare, kom gjerne frampå med forslag.

Håpar mange finn vegen til Hallingbu, og ynskjer å ta hytta i bruk, hausten er vakker!

Else



Det restaurerte brønnhuset på Hallingbu – ein takk til alle som var med på jobben!



Fyrste springarøvinga i haust, me har særslig trivelege kaffipausar. Foto: Hilde Hjetland



Det var minneverdige dagar på vakre Røros for oss som var der på Landskappleik 2017.
Foto av Bergstaden: Terje Grangård

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2017

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,- Merk!**

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg ved fyrste sendinga etter nyttår, elles er det berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Betal gjerne, for laget treng pengar for å klare seg! Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
 - Informasjon om andre folkemusikktakingar i hovudstaden (post/meldingsliste).
-

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget få 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra.

Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Sjå infoside om Hallinglaget på neste side ...

Leiaren i laget misforstod BLS intensjonar om å lage ein folder om kvart av laga i BLS, og sette i gang med å skrive konsentrert om kva Hallinglaget driv med: Dans og hytteliv! *på ei side ...*

Foldaren i fyrste utgåve blir mykje enklare, berre eit par linjer om kvart av laga med kontaktinformasjon.

Veldig nyttig det også, men eg legg ved sida eg har skrive for at alle skal få sjå den! Eg håper nokon fleire vil bli med i laget takka vere denne sida?

/Terje

Hallinglaget i Oslo

Webside: www.hallinglaget.net, Facebook: Hallinglaget i Oslo

Hallinglaget er eit av bygdelaga i BLS, som opphavelig var eit ungdomslag for hallingar i Oslo. Laget vart skipa alt i 1899 og vart stort tidleg på 1900 talet og i tiåra etter 1945. I dag er laget for **alle** som liker bygdedans og folkemusikk frå Hallingdal samt hytteliv i Lillomarka.

Hallinglaget er kjent for å skipa til særleg gode helgekurs i hallingspringar kvar haust. Då er ofte førti deltakerar med. Elles heldt laget hallingspringaren i hevd gjennom faste øvingskveldar og minikurs kvar vår og haust. På alle samkomer er det levande musikk på hardingfele eller toradar, av spelemenn og kvinner som spelar særskilt fengjande dansespel. Alle er velkomne til å vere med å danse.



Helgekurset hausten 2016. Kurshelga i 2017 er 4. og 5. november.



Hallingbu er laget si mest verdifulle eige.

Hallinglaget har også ei sjærmerande hytte, **Hallingbu**, i Lillomarka, ein liten times tur inn frå Maridalen (Snippen Stasjon). Hytta ligger fint til på ein kolle med eit lite vatn like under. Det arrangerast fellesturar dit og hytta kan leigast rimeleg av alle medlemene i laget.

Kom og bli med på laget sine trivelege samkomer og du får også vite om alt som skjer i folkemusikken i Oslo.

Folkedanskveldar hausten 2017

Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!
Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.

Dato	<i>Storsalen kl. 19.30 -22.45</i>	<i>Halli, minikurs 1800-1930</i>	Arrangør lag
3. sep	Fanteladdane	Rørospols	Hordaringen
10. sep	Brødrene Kjorstad	Springar frå Land	BUL
17. sep	Bærum spelemannslag	Hallingspringar!	Folkedansnemnda
24. sep	Eiker spelemannslag	Springar frå Sunnmøre	Symra
1. okt	Steinsgårdskroken	Springleik frå Vågå	Folkedansnemnda
8. okt	Østerdølenes spellmannslag	?	Valdreslaget
15. okt	Sofienberg spelemannslag	Stildans	Symra
22. okt	Elise Tegner m/venner	Nordlandspols	Numedalslaget
29. okt	Dølalæte	Gamaldansvariantar	Telelaget
5. nov	Farande Fant	Amerikansk dans!	Hordaringen
12. nov	Enebakk Spelemannslag	?	Hallinglaget i Oslo !
19. nov	Tonje og Stein Magne	Bingsjøpolska	Sogn- og Fjordaneringen
26. nov	Bærum spelemannslag	Stildans	Symra
3. des	Østerdølenes spellmannslag	Bodapolska	Sogn- og Fjordaneringen
10. des	De Frilynde	Finnskogspols	Hordaringen

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 80,- / ikkje-medl. kr 130,- / Studentar kr 50,-

Inngang minikurs: Medlemmer og ikkje-medlemmer **berre kr. 130,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld!)** Berre kr. 80,- for studentar.

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden: www.bls.no - fine sider!

e-post: post@bls.no

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

Bygdelagssamskipnaden

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

Styret i Hallinglaget 2017–2018

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: grangard@online.no
Nestleiar:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 480 40 062 – mobil E-post: beritsatelier@hotmail.com
Kasserar:	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf: 480 34 943 – mobil E-post: gst@cultura.no
Skrivar:	Heidi Wie Slottsberget 71, 1385 Asker	Tlf: 975 23 734 – mobil E-post: heidi.wie@asker.kommune.no
Medlemer:	Else Mohn Reshjemvegen 247, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo Tlf: 482 04 652
E-post: grangard@online.no

Medlemer: Else Mohn og Svein Aasen.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn
Reshjemveien 247, 3677 Notodden Tlf: 958 79 270
E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Michel Gascoin og Trond Roseth.

Danseleiar: Knut Skrindo Tlf.: 413 12 790

Revisor: Alix Cordray Tlf.: 917 66 051

Valnemnd: Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er: www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bl.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no.

Hallingbu



{P}{B}

32%